

NILS HERTZBERG

Den myndige og allsidige prosten i Ullensvang frå 1802–1842, NILS HERTZBERG, heldt eit ope hus i prestegarden og tok i mot mange besøk som han noterte nøyaktig ned i gjesteboka si. Før 1821 hadde han berre vore vitja av to utlendingar. Den tid var prestegardane eit slags gratis losjihus for verdige reisande; kunstnarar, forfattarar, vitkapsmenn og embetsbrør. Hotell fanst enno ikkje i distrikta, berre skysstasjonar med vekslende standard. Gjestgjevarstaden på Utne var rettnok ein av dei som tidleg fekk ry for godt stell, og det vart TORBJØRG UTNE, «Mor Utne», som kom til å ta over posisjonen etter gamleprosten (①387), men det var utan tvil Nils Hertzberg som la grunnen for turismen i Hardanger. Den gode prosten var ein mangfaldig herre. Han var vitkapsmann, skreiv etnografiske artiklar i «Budstikken» og måla akvarellar av bygdeskikkar og folke- drakter, dreiv som lækjar og førte ein stor korrespondanse innanlands og utanlands. Omdømet om gjestfridomen i prestegarden i Ullensvang nådde langt nedover i Europa (①161).



Ullensvang hotel på Lofthus har sin bakgrunn i den gamle gjestgjevarstaden.



Catharine Kølle: «Ullensvang». Sannsynlegvis 1820-åra.

Tidlegare har det stått anten ei stavkyrkje eller ei mindre steinkyrkje her. Opphavgleg var skipet kortare og utan tårn. Ved ei «restaurering» i 1883–84, leidd av domkyrkje-arkitekt CHR. CHRISTIE, vart skipet lengd med 5,5 meter og det vart bygt til eit vesttårn. Den gamle vestportalen vart flytta ut i den nye tårnfoten. På kyrkje-loftet ligg veggtiler som viser at kyrkja må ha vore vakkert prydd innvendig kring midten av 1600-talet.

Fleire gravsteinar, nokre frå mellomalderen, er reiste mot veggmuren ved det nordre sakristiet. To av dei har inn-

skrifter som kan lesast. På den eine står det: «HER: HVILIR: SIRA: OGMVDR: KARA: SON: ER: HANS: ÅRTID: VII: NATO: EPTIR: FESTVMAT: BIDIR: F: HANOM». (Her kviler Sira Ogmund Kåreson. Hans årtid (dødsdag) er 7 netter etter Matthias festdag (21. september). Be for han.)

På den andre står det: «HER: HVILIR: HERRA: SYGYRDR: ER: VAR: GULA: TINGS: LO: MADR: SONBRYNIOLFS: A: AGA: HANS: ÅRTID: ER: PRIM: NOTTOM: FIRIR: MICHAL: MESSO». (Her kviler herr Sigurd som var gulatingsslagmann, son av Brynjulf på Aga. Hans årtid er 3 netter før mikkelsmesse (29. september). □

«OPEDALSKLOSTERET» OG MUNKATREPPENE

Det er ein gammal tradisjon i Ullensvang at det skal ha lege eit kloster i OPEDAL. Av biskop J. NEUMANN'S beretning i Budstikken for 1826 går det fram at det på den tid fanst restar av ein steinbygning på garden; ein bygning som openbert syntest å stadfesta tradisjonen om eit kloster. Denne bygningen vart riven ved hundreårsskiftet.

Noko kloster i vanleg tyding har det neppe lege i Opedal, men tradisjonen har nok ei kjerne av sanning i seg. Lyse kloster, som åtte Opedal, har her hatt ein god gard, litt utanom det vanlege; ein «grangiè» for å nytta cisterciensarmunkane sin terminologi – det vil seia ein bugard, driven som eit mønsterbruk. Staden der munkane budde, heiter enno Munkagard; eitt av dei tre tuna i Opedal. Kapellet er nemnt i 1310 – ei stavkyrkje – og i eit dokument frå 1551 er det omtala ein jordepart i Lofthus, «som ligg nedanfor Øvstetun ved Opedal kloster». Her har det også truleg vore eit herberge.

Munkane som har halde til i Opedal, har nok også hatt ei hand med i den omhugsame muringa av trappene i dei brattaste partia av stigen, som går opp lia og innover vidda. Dette er ein av mellomaldervegane opp på vidda. Mellom Opesjo og Vêivatn ligg stølen «Munkabu». Segna fortel at bua har namn etter Opedalsmunkane.



«Munkatreppene» på fjellstigen opp frå Lofthus.